



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mathias Høgseth Strømmen, 71 25 85 48

Høyring - vurdering av konsesjonsplikt - Volda - Nye Tussa kraftverk

Statsforvaltaren har motteke melding om høyring om vurdering av konsesjonsplikt for nye Tussa kraftverk i Volda kommune.

Om Statsforvaltaren

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har ansvar for å følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Statsforvaltaren er dessutan eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter.

Det følger av vassforskrifta at statsforvaltaren har følgande oppgåver:

- Statsforvaltaren som miljøfagleg ansvarleg og rådgjevar har ansvaret for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget i Vann-Nett, i samråd med aktuelle sektormyndigheiter, fylkeskommunar og kommunar (§ 15)
- Statsforvaltaren som miljøfagleg ansvarleg og rådgjevar har ansvaret for å koordinere den regionale overvakinga, og for registrering av overvakingsdata i fagsystem Vannmiljø, i samråd med aktuelle sektormyndigheiter, fylkeskommunar og kommunar (§ 18)

Saka gjeld

Melding om konsesjonspliktvrdering frå Tussa Energi AS. Tussa Energi AS ønskjer å effektoppgradere eksisterande Tussa kraftverk ved å bygge en ny kraftstasjon med tilhøyrande vassvegar i parallell med det gamle kraftverket. Tussa Energi AS ønskjer at NVE gjer ei vurdering om tiltaket er konsesjonspliktig etter Vassressurslova § 8 eller Vassdragsreguleringslova § 3.

Vår vurdering

Effektoppgradering inneber betre utnytting av vassressursane for å produsere straum. Slukeevne vil vere større enn på dagens kraftverk. Betre slukeevne kan påverke vassdraget ved at mindre vatn går som overløp til den om lag 4,5 km lange elva Tussa.



Tussa energi skriv at det er i dag svært lite overløp over Dam Tyssevatn. Overløp skjer vanlegvis ein gang kvart 3. eller 4. år. Endringa vil derfor vere liten for Tusseelva slik vi ser det.

Statsforvaltaren minner om at Tusseelva er ein anadrom elv på litt over 1600 m opp til nedre del av Tyssefossen. Elva har eit nedbørsfelt på 32 km², og naturleg middelsvassføring på 3,3 m³/s. Samla er 82 % av nedbørsfeltet før til Tussa kraftverk, som har utløp aust for Tusseelva. Det er ikkje krav til minstevassføring i elva og elva er sett å vere ein sterkt modifisert vassførekomst jf. Vassforskrifta.

Elvas miljømål er godt økologisk potensial, men er i dag i moderat miljøtilstand ([Vann-nett Tyssa](#)). Produksjonspotensiale av fisk er sannsynlegvis redusert grunna sterkt redusert vassføring og det anbefalast å greie ut om moglegheitene for slipp av minstevassføring for å auke vassdekt areal i dei tørraste periodane i året.

For å nå miljømålet i elva må nye tiltak settast i gang. NORCE LFI har kartlagt sjøaurevassdrag i Volda i 2021 og har ei detaljert framstilling av elva Tussa i rapporten ([Rapport Tussa s. 105 – 109](#)). Aktuelle tiltak er drøfta.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
underdirektør

Mathias Høgseth Strømmen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent